



Kontrollutvalet i Gloppen kommune




STRATEGIPLAN

Gloppen, 15. september 2008

Innhald

<u>HENSIKT MED STRATEGIPLANEN</u>	3
<u>IDÉ FOR VERKSEMDA</u>	3
<u>VISJON</u>	4
<u>VERDIAR</u>	4
<u>RESSURSAR</u>	4
<u>OMDØME/PROFILERING</u>	4
<u>SAMPEL/RELASJONSSTRATEGI</u>	5
<u>AMBISJONSNIVÅ</u>	5
<u>VERKEMIDDEL</u>	6
<u>RISIKOVURDERINGAR/KRITISKE SUKSESSFAKTORAR</u>	6
<u>PRIORITERINGAR/SATSINGSOMRÅDE/KONTROLLFOKUS</u>	7
<u>MÅL FOR PERIODEN</u>	7
<u>FRÅ STRATEGI TIL HANDLING - ÅRSPLAN</u>	7
<u>EVALUERING</u>	7



HENSIKT MED STRATEGIPLANEN


Kontrollutvalet har gjennom kommunelova fått seg tillagt eit betydeleg ansvarsområde. På vegne av kommunestyret skal det førestå løpande tilsyn med kommunen si forvaltning og sjå til at revisjonsordninga er forsvarleg. Dette viser at kontrollutvalet har ei særstilling i høve dei andre folkevalde organa ved at det er overordna desse i kontroll- og tilsynssaker.

Strategi handlar om å gjere dei riktige tinga, medan ***taktikk*** handlar om å gjere tinga riktig.

Slik sett vil strategi alltid vere overordna taktikk, sidan ein aktivitet som blir utført på riktig måte aldri vil gi måloppnåing dersom aktiviteten ”bommer” på målet.

Gjennom dette strategidokumentet identifiserer kontrollutvalet dei lang- og kortsiktige måla som utvalet ønskjer å arbeide mot i inneverande valperiode.

I figuren nedanfor har vi prøvd å illustrere hensikta med ein strategiplan.



IDÉ FOR VERKSEMDA

Idéen for verksemda fortel kva vi skal gjere og kven vi er til for.

Kontrollutvalet i Gloppen kommune er kommunestyret sitt kontroll- og tilsynsorgan.

Vi vil arbeide for at Gloppen kommune

- driv si verksemd på ein målretta og kostnadseffektiv måte,
- legg fram påliteleg rekneskapsrapportar, og
- overheld dei lovar og reglar som gjeld.

VISJON

Visjonen uttrykker eit ambisjonsnivå for korleis vi ønskjer å bli oppfatta. Samstundes skal visjonen gi retning og tru på dei måla vi set for verksemda. Det er altså visjonen som fortel oss kvar vi skal.

Kommunestyret sine krav og forventningar skal prege vår måte å tenke på og alle våre handlingar. Visjonen skal vere inspirerande, felles, forpliktande og tydeleg.

Kontrollutvalet vil:

vere med på å auke innbyggjarane sin tillit til kommunen si verksemd gjennom sitt arbeid som uavhengig kontrollinstans.

VERDIAR

Verdiane fortel oss korleis vi skal opptre for å levere vårt produkt. Dei fortel noko om dei eigenskapane, haldningane og åtferda som skal kjenneteikne vår opptreden ved utøving av vervet vårt.

Kontrollutvalet vil:

bygge sitt kontroll- og tilsynsarbeid på eit etisk verdigrunnlag. Dette er ein føresetnad for at utvalet skal oppnå naudsynt tillit og legitimitet i lokalsamfunnet.

RESSURSAR

Kontrollutvalet utfører si verksemd gjennom bruk av revisjon og eventuelt eksterne konsulentar. Tildelte personelle og økonomiske ressursar utgjer saman med den lovbaserte reguleringa dei rammevilkåra som styrer kontrollutvalet si

Kontrollutvalet vil:

prioritere bruk av kommunerevisjonen si kompetanse for å nå sine mål.

OMDØME/PROFILERING

Eit godt omdøme er basert på opparbeidd tillit. Der er kva andre meiner om kontrollutvalet, uavhengig av kva du sjølv seier, profilerer eller meiner er fortent.

Kor viktige omdømme er ser ein best når dette er dårleg og ved negativ fokus. Kva omgjevnaden meiner om utvalet blir i høg grad avgjort av kva dei veit om utvalet og korleis dei opplever utvalet.

Kontrollutvalet vil:

bygge og styrke sitt omdømme og identitet gjennom ein langsiktig og kontinuerlig prosess der omgrepet "kontroll" blir gitt følgjande meiningsinnhald:

"Alle dei kvalitetssikringstiltak som utvalet finn nødvendig for at Gloppen kommune skal nå sine mål".

Kontrollutvalet vil posisjonere seg internt og profilere seg eksternt som ein aktiv og sentral aktør i kommunen sitt kvalitetssikringsarbeid.

SAMSPEL/RELASJONSSTRATEGI

Dersom kontrollutvalet skal oppnå eit positiv omdømme internt i kommunen og blant kommunen sine innbyggjarar, er det viktig at kontrollutvalet baserer sitt arbeid på ein heilskapeleg kommunikasjon med interne og eksterne aktørar.

Kontrollutvalet vil:

forankre sitt arbeid i eit konstruktivt og effektivt samspel med det politiske og administrative styringsnivå for å sikre maksimal forståing for kvarandre sine roller og ansvar i arbeidet mot ei felles målsetting.

Kontrollutvalet vil bygge strategiske alliansar med regionale og nasjonale kontrollmiljø innan offentleg sektor for å prege og bli prega av den utviklingstendensane som

AMBISJONSNIVÅ

Ambisjonsnivået representerer nivået for hovudmåla i strategiplanen. Nivået blir fastsett ut frå dei utfordringane som utvalet står overfor i spenningsfeltet mellom krav, forventningar og rammevilkår.

Kontrollutvalet vil:

framstå som ein instans som gjennom sitt arbeid skaper allmenn tillit til at kommunen som tenesteytar og ressursforvaltar driv si verksemd på ein kostnads- og måleffektiv måte og i samsvar med vedtak, lov og retningslinjer.

VERKEMIDDEL

For å nå måla vil bruk av gode strategiske verkemiddel vere ein viktig suksessfaktor.

- Finansielle ressursar
- Tilstreккеleg kapasitet
- Naudsynt kompetanse
- Val av innsatsområde
- Samarbeid og relasjonar
- Informasjon og kommunikasjon

Kontrollutvalet vil:

utføre sine oppgåver så effektivt og med så høg kvalitet som mogleg innanfor dei rammene som blir tildelt kontroll- og tilsynsapparatet i kommunen.

Kontrollutvalet ser på følgjande verkemiddel som viktige innsatsfaktorar for å nå måla sine:

- informasjon og kommunikasjon
- kapasitet og kompetanse
- val av innsatsområde
- samarbeid og relasjonar

RISIKOVURDERINGAR/KRITISKE SUKSESSFaktorAR

Kritiske suksessfaktorar er ein faktor som, dersom han inntreffer, representerer ein høg risiko for at målsettinga ikkje blir nådd.

Slike suksessfaktorar bør derfor identifiserast og inngå i ei risikovurdering. I denne fasen er det viktig å vurdere kor sannsynleg det er at dei ein skilde faktorane vil inntreffe og kva for konsekvensar dette vil gi.

"It's likely that something unlikely will happen"

Aristoteles, 384-322 f.Kr.



Kontrollutvalet vil:

utøve eit risikobasert tilsyn med forvaltninga. Gjennom risikoanalyse vil kontrollutvalet identifisere dei forvaltningsområda der risikoen for ikkje å nå måla er størst og konsekvensen av dette er vesentleg for kommunen.

PRIORITERINGAR/SATSINGSOMRÅDE/KONTROLLFOKUS

For kvart strategisk satsingsområde skal det formulerast eit mål. Grunngeving for dei prioriteringane som blir gjort og realiseringshorisont vil ligge i det plandokumentet som kommunerevisjonen legg fram kvart år.

Kontrollutvalet vil:

at risiko- og konsekvensevaluering skal ligge til grunn for val av kontrollfokus og dei prioriteringane som blir gjort.

MÅL FOR PERIODEN

Dei strategiske hovudmåla, måla for satsingsområda og prosjektmåla skal inngå i eit integrert og heilskapeleg målhierarki.

Kontrollutvalet vil:

- sjå til at kommunen sin økonomiske informasjon blir revidert på forsvarleg vis.*
- sørge for at det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon årleg.*
- sørge for at det blir gjennomført selskapskontroll.*

FRÅ STRATEGI TIL HANDLING - ÅRSPLAN

Årsplanen inneheld konkrete kontroll- og tilsynsprosjekt som er forankra i dei satsingsområda som strategiplanen legg opp til.

Kontrollutvalet vil:

legge fram ein årsplan kvart år. Denne skal vere basert på revisjonsplanen og grunnleggjande risikoanalysar.

EVALUERING

Gjennom evalueringa er hensikta å sikre at arbeidsprosessane fungerer med minst mogleg feil og avvik i høve måloppnåing.

Kontrollutvalet vil:

gjennom ei kontinuerleg evaluering av eige arbeid forsøke å auke kvaliteten på og nytta av aktivitetane sine, slik at utvalet kan representere høg verdi for kommunestyret og kommuneadministrasjonen

Det er viktig at resultatforventningane ikkje overstig dei ressursane som blir stilt til rådvelde for å løyse oppgåvene...

